



Kulturdepartementet

Vår referanse:  
12/703/14/2429/KUL/MEHH

Arkivkode:  
FE-233

Dykkar referanse:

Dato:  
25.04.2014

## **RAPPORT FOR DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN 2013**

### **Rapport for bruk i 2013 av midlar tildelt frå den kulturelle spaserstokken i 2012.**

I mars 2013 vart det tilsett kulturkonsulent i Samnanger kommune med ansvar for Den kulturelle spaserstokken. Ved søknadsfristen 1. mai vart det sendt inn ein søknad om 3 tiltak fordelt på 6 tilbod. Som nyttilsett hadde ein ikkje på dette tidspunktet fått kome i kontakt med målgruppa, frivillige eller omsorgssektoren for å høyra om deira behov og ønskjer av kulturtilbod. Tiltaka vart derfor endra undervegs i samarbeidet, og fleire av dei tiltenkte tilboda vart skifta ut med andre tilbod som egna seg betre sett for dei eldre i kommunen vår.

Samnanger kommune har i 2013 gjennomført tiltak 1 (del 1) og 3 (del 2) som me søkte midlar til for til 2013.

Tilbod med musikk og rytme har vore populært blant buarane på Samnangerheimen. Buande på heimen og dagsenterbrukarane er dei som har vanskelegast for å oppsøka kulturtilbod på eiga hand og vert difor høgast prioritert ut frå målgruppa. Samstundes er det, som rapporten visar, lagt vekt på at alle aldrar i målgruppa 55+ skal kunna nytta kulturtilboda Samnanger kommune arrangerar gjennom Den kulturelle spaserstokken.

### **Midlar brukt i 2013**

#### **”Syng med oss” på Samnangerheimen, vårhalvåret 2013**

**kr 14 193**

*Syng med oss* varar i ein skuletime, kvar måndag, på Samnangerheimen ved musikkpedagog Anne-Lise Nesteby Tøsse. Her kjem både buande- og dagsenterbrukarar saman til aktiv medverknad i song og dans. Tilbodet er spesielt viktig for demente, som i denne stunda uttrykkjer gjenkjenningas glede. Det er viktig at *Syng med oss* kan eksistera som eit fast tilbod. Utan mildar frå DKSS kan ikkje tilbodet halda fram.

#### **”Trommesirkel” v/Lars Kolstad på Samnangerheimen**

**kr 4 689**

Trommelars samla grupper (ca 10-15) rundt ei mengd med trommer. Alle var involvert i spelninga. Lars var oppteken av å få augekontakt med kvar og éin, og klarte på den korte tida å læra namna til alle. Han veksla mellom at alle spela ilag, og at alle fekk prøva seg åleine og song kjende songar ilag med deltakarane. Han varierte på kva instrument den enkelte deltakar brukte.

Arrangementet er del av ein turne gjennom *Kultur for eldre*: eit samarbeid mellom kommunane Fusa, Samnanger, Kvam og Os. Total kostnad kr 18 756,-/tilskot frå Hordaland fylkeskommune kr 15 000.

**Konsert med "Grønsdalsfela" på Samnangerheimen**

**kr 3 475**

Anders Rosèn og Jonas Åkerlund er felespelarar frå to generasjonar i eit tett samspel. Rosèn og Åkerlund har spelt saman i over 20 år, og har gitt ut to cdar. Rosèn spelar på ei fele frå Samnanger, laga av Knut Grønsdal i 1895. Grønsdal overtok felemakarutstyret til Johannes Bårdsson Tveit, som laga dei kjende Tveitafelene. Etter ein rundtur frå Noreg til England og Sverige, kom "Grøndalsfela" på besøk til Samnanger.

**Samnanger Pensjonistlag**

**kr 8 000**

Samnanger Pensjonistlag er vorte tildelt midlar til underhaldning på dei 8 pensjonistmøta som dei har i året. Møta er opne for alle og me ønska å støtta deira engasjement for eldre i kommunen. Pensjonistlaget nyttar seg av blant anna av lokale, profesjonelle føredragshaldarar og musistarar som underhaldning. Tildelinga styrkar samarbeidet mellom kultursektoren og frivilligheita for eldre i kommunen.

**Foredraget "Roser og liljer" ved Nils Georg Brekke**

**kr 2 500**

Samnanger historielag er vorte tildelt midlar til foredraget *Roser og liljer*, med tema rosemåling. Tidlegare fylkeskonservator Nils Georg Brekke formidla kunnskap om Os-målinga, som kan sporast tilbake til bygda Tveit i Samnanger. Arrangementet gjekk føre seg på Antons kulturhistoriske senter i kommunen. Foredraget var gratis og ope for alle, men tiltenkt eldre som målgruppe.

**Syng med, trø dansen, sving deg i valsen**

**kr 4 275**

Kulturformidlar Eva-Marie S. Toppe besøka buande- og dagsenterbrukarar på Samnangerheimen med programmet *Syng med, trø dansen, sving deg i valsen*. Her nytta ho blant anna folkesong, fele, piano og gitar. Toppe vart svært godt motteken av tilskodarane som stemte i med dei kjende tonane. Toppe besøka Samnangerheimen ved to anledningar hausten 2013.

**"Syng med oss" på Samnangerheimen, hausthalvåret 2013**

**kr 12 233**

---

**Til saman**


**kr 49 365**

**Til rådighet 2013/tilskot frå staten 2012**

**kr 40 000**

Med helsing

  
Arnved Soldal Lund  
kultursjef

  
Meline Heimdal Haugland  
kulturkonsulent

Kopi til:  
Hordaland fylkeskommune